

GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 4

September 2022 73. årgang

INNHALD

Min salme2

Andakt3

Ny prostiprest.....3

Høgt og Lågt 20224

Flott gudsteneste 5

Kunngjeringar..... 7

Gudstenester7



Gol kyrkjekontor - Gol kommunehus 3. etg
Eksp. tid mån–fre 9.00–15.00
 Tlf: 32 02 90 00 • kyrkja@gol.kommune.no
 www.gol.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje:
Kjellfred Dekko
 Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 926 41 198
 kjellfred.dekko@gol.kommune.no

Sokneprestvikar:
Ingrid Finsådal Bakke • Fri måndager
 Mobil: 910 08 109
 Ingrid.finsadal.bakke@hallingnett.no

Diakon:
Martha Frøyland Bleiktvedt
 Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
 martha.froyland@gol.kommune.no

Organist:
Justin Vickery
 Tlf. 474 75 580 • justin.vickery@gol.kommune.no
 Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

Kyrkjetenarar:
Ludvig Munkejord Tlf: 911 22 763
Knut Ole Klepp Tlf: 906 58 761

Sekretær for Gol og Hemsedal:
Thorunn Haugo Tlf: 32 02 91 39
 thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no
 Fri fredagar.

Trusopplærar for Gol og Hemsedal:
Britt Marie Haraldset Tlf. 951 22 136
 britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

Hemsedal kyrkjekontor - Hemsedal kommunehus
 Hemsedalsvegen 2889, 3560 Hemsedal
Eksp. tid mån – tor 9.00–15.00 fre 9.00–12.00
 Tlf. 31 40 88 45 • www.hemsedal.kyrkja.no
 kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no

Kyrkjevevjerje:
Kjetil Th. Storebråten
 Tlf: 31 40 88 45 • Mob: 908 21 745
 kjetil@hemsedal.kommune.no

Kantor:
Peter Rødel
 Tlf: 401 08 339 • kape10@hotmail.no

Kyrkjetenar:
Wilfried Westera
 Tlf. 971 09 922 • wilfriedwestera@live.no

Gravplassen:
Hans Vidar Sørensen
 Tlf: 911 76 827 • sorensen.hv@gmail.com

Sokneråda og fellesråda:
Gunn Astrid Frøysok
 Leiar Gol og Herad
 Tlf. 990 34 376

Iren Markegård
 Leiar Hemsedal
 Tlf. 482 02 020

Ynskjer du å gje ei gåve til kyrkja:
 Hemsedal: 2367.20.49482
 Gol: 2324.20.01354
 Herad: 2324.62.05795

NESTE KYRKJEBLAD

Nr. 5/2022 kjem ut i veke 40

Stoff sender ein til: ludv@online.no

innan 22. september

Antall nr.: 6 nummer i året

Ekspedisjon: Kyrkjekontoret, 3550 Gol

Kasserar: Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal.

Redaksjon: Ludvig Munkejord (red.), Sølvi L. Aalrust, Kjell Slåtten, Gunnar Rudningen, Hilde M. Hillestad.

Utgjevar: Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad

E-post: ludv@online.no

Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal, 2367.60.00097

FORSIDEFOTO: **LUDVIG MUNKEJORD**

TEKST: **KJELL SLÅTTEN** FOTO: **PRIVAT**

MIN SALME

IVAR HAUGSTAD



Ivar Haugstad er oppvaksen på Tuppeskogen i Gol, der han framleis bur. I det daglege er han jordskifte-dommar, med kontor samlokalisert med Buskerud tingrett på Nesbyen. Valet hans er Vår beste dag.

- Dette er en av de fineste sanger jeg kjenner til. Den beskriver dagen fra morgengry til natt. Stemningen i teksten er positiv, og med fine bilder knyttet til naturen.

- Strofen «Mangt skal vi møte og mangt skal vi mestre», er en god sammenfatning av hva livet handler om. Hver dag møter en nye utfordringer, og en lærer noe nytt. Det gjelder å prøve å ha en positiv innstilling. Dersom en er innstilt på at det skal gå bra, så gjør det som oftest det. Da blir denne dagen, og alle andre dager, til gode dager, sier Ivar.

Som den neste utfordrar han Knut H. Skringdo.

Vår beste dag

T: Erik Bye

M: Jon Rosslund

Kom og lytt til lyset når det gryr av dag
 solen løfter sin trompet mot munnen
 Lytt til hvite sommerfuglers vingeslag
 Denne dag kan bli vår beste dag
 Stien som vi gikk i går er like ny
 hemmelig som ved vårt første morgengry
 Mangt skal vi møte og mangt skal vi mestre
 Dagen i dag den kan bli vår beste dag

Kom og lytt til dypet når vi ror mot land
 Hør maneten stemmer sine strenger
 Løfterik er tonen i et fiskevak
 Denne dag kan bli vår beste dag
 Fjorden vår er like ny og blå og blank
 Blikket ditt er fritt og ryggen like rank
 Mangt skal vi møte og mangt skal vi mestre
 Dagen i dag den kan bli vår beste dag

Kjære lytt til mørket når vår dag er gått
 Natten nynner over fjærne åser
 Mangt har dagen skjenket oss i stort og smått
 mer kan hende enn vi har forstått
 Månen over tun og tak er like ny
 men tier stille om vårt neste morgengry
 Mangt skal vi møte og mangt skal vi mestre
 Dagen i morgen skal bli vår beste dag

GRAVFERDSBYRÅ I HALLINGDAL

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS

Bente Andreassen
 Vakt tlf. 480 234 77 - www.golbb.no

HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ

Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen
 Vakt tlf: 97 41 41 00

JØLSTAD - HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ AS

Vakt tlf: 32 08 23 00
 www.hallingdalgravferd.no

bruse
ditt fiberselskap

VI LEVERER **altibox**

Dette er eit ord med mange assosiasjonar. For nokon er det eit trist ord. Sommaren er over, lyset og varmen ebbar ut. Alt visnar og døyr. For andre er det eit arbeidsamt ord der dei står og ser ut over åkrar og enger. Andre igjen tenkjer at – hurra, no kjem snart den kalde fine tida! For dei fleste av oss er hausten sikkert ein blanding av alt dette.

Bibelen brukar mange gonger bilete knytt til hausten. Oftast enten for å fortelje at livet ebbar ut eller for å fortelje noko om å hauste inn grøde frå marka.

Ei fin forteljing om dette er forteljinga til Jesus om fuglane under himmelen som me finn i Matteusevangeliet, kapittel 6:

- Sjå på fuglane under himmelen! Dei sår ikkje, dei haustar ikkje og samlar ikkje i hus, men Far dykkar i himmelen føder dei likevel. Er ikkje de mykje meir enn dei?

Så fyljer ei lang fortelling om den Gud som, når han syter så for fuglane, så syter han og mykje meir for kvar av oss. Det er ikkje ei historie om materiell velstand:

Kva skal vi eta? Kva skal vi drikka? Kva skal vi kle oss med? Det handlar derimot om ein Gud som er her og som me kan være hos og stole på. Himmelvegen vår handlar ikkje om kva eg gjer eller kva eg klarer, men kva han gjorde og gjer for oss.

- Søk fyrst Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre attåt. Så syt ikkje for morgondagen; lat morgondagen syta for seg. Kvar dag har nok med si møde.

Ny prostiprest i Hallingdal

TEKST OG BILDE:
LUDVIG MUNKEJORD

Dei som har vore i kyrkja, særleg i Gol og Herad, denne våren og sommaren har fått møte ein ny og ung prest, Ingrid Finsådal Bakke. Ho held gudstenester, vigslar, gravferder og alt det andre som fell på presten sine skuldrar. Det er på tide å bli betre kjend med henne, så difor slo me av ein liten prat.

Kven er Ingrid?

Eg er frå Nissedal i Vest-Telemark, er gift med Håkon F. Bakke frå Hemsedal og me har no slått oss ned med bustad på Gol. Me har ein liten gut, Isak, som er eitt år gammal.

Litt av grunnen til at me ynskte oss til Hallingdal og Gol var nok å komme litt nærare gommo og goffa i Hemsedal. Før me kom hit, så jobba eg som prest i Volda på Sunnmøre.

Og kva er så ein prostiprest?

Det er ein prestestilling som her i dalen i utgangspunktet er knytt til kyrkja i Ål.

Prostipresten trør elles til med vikarteneste og enkelttenester i heile Hallingdal når det trengs ved feriar og avspaseringar – eller som no når begge

dei to andre prestane i Gol og Hemsedal er i permisjon og steller med nye småfolk i heimane sine. Slik er eg denne hausten spesielt sett til å være ein del av staben og arbeidet i Gol, og noko i Hemsedal - blant anna med konfirmantar.

Er det noko du er særleg opptatt av som prest?

Eg liker breidda i prestetenesta, møte med menneske i ulike livsfasar. Møte med unge og eldre. Møte i sorg og glede.

Sommaren i år har for eksempel gått mykje med til å stå i spennet mellom bryllaup og gravferd, noko eg synes er veldig meningsfylt. Det er fint å komme inn på livet. Og sjølv om eg i periodar kan kjenne på både tvil og usikkerheit, opplever eg at vi i kyrkja har ein god og sterk bodskap om Jesus Kristus, som held i alle livsfasar.

Det er flott å være prest og eg tenkjer av og til at eg trur mange fleire kunne hatt glede av å prøve seg på denne yrkesvegen. For vi treng fleire prestar i kyrkja!



Fantastisk stad for ein uteleir!
God plass til telt, ein god samlingsstad
ute ved hytta, og flott at ein har tilgang
til kjøkken og toalett inne.
Takk for ei god helg!

Høgt og lågt 2022

TEKST OG BILDE: BRITT MARIE HARALDSET

Endeleg høgt og lågt-leir igjen! Den populære leiren til søndagsskolen i Hemsedal har hatt pandemipause i to år, men fyrste helga i sommarferien var det stor stemning igjen! 35 ungar frå fyrste til sjuande klasse møtte opp!

Leiren vart arrangert i Storeskar, ved hytta til Toril og Hans Vidar Sørensen. Som vanleg var det teltleir og alt foregikk utandørs, men jammen er det godt å

få bruke toalettfasiliteter og kjøkkenfasiliteter inne! Det er jo ein super plass, med god plass til mange telt, badestamp og kald plaskedam for nedkjøling når badestampen blir for varm.

Det vart både bading, kubb, Stratego og kortspel i løpet av eit drøyt døgn i Storeskar. Laurdag hadde deltakarane valt seg aktivitetar – det var «Villmark», «71 grader Storeskar», kano, sykling og

klarting. Etter leik, samling, aktivitetar og middag reiste dei minste heim, mens dei største fortsette kvelden og overnatta i telt.

Sundagen var det tid for ny samling, meir leik og natursti, før foreldre eller besteforeldre kom til avslutningssamling, rydding og heimreise.

Takk for denne gongen!



Marte Bredesen hadde andaktene på to Sprell Levande-samlingar der temaet var «Sjå deg omkring» – om at Gud har skapt deg og naturen, og kva det betyr for oss



Sissel Komba, Fenja Money, Hanna Thorset, Raket Thorset og Theo Jordheim slappar av i «utestugu».

Utviding av kyrkjegarden i Gol

Som mange har sett, så er det mykje anleggsarbeid på nordsida av kyrkjegarden i Gol.

Her skal det bli ny gravplass med plass til 175 kistegraver og 90 urnegraver. I tillegg blir det heile 260 urnegraver på namna minnelund.

Anleggsarbeidet blir ferdig i løpet av hausten. Det blir ein flott gravplass som gjev oss den kapasiteten me treng i åra framover. Når alt er ferdig og tilsådd, må jorda og veksten få setje seg til, så det går nok eit par år før me ser gravplassen i praktisk bruk.

Minnelunden kan me derimot ta i bruk nokså snart då det blir lagt ferdigplen.

Bli med på S-klubben!



S-klubben er ein kristen barneklubb for barn i alderen 5-12 år. Vi har samling på Kyrkjestugo desse onsdagane i haust, kl. 17.30 – 19.00:

28. sept, 12. okt, 26. okt, 9. nov.

Vi startar med felles samling på Kyrkjestugo. Etterpå kan ungane velje mellom desse aktivitetane: Matlaging og hobbyaktivitetar. Leiking og moro i Trøimshallen. Legobygging.

Kodeklubb, der ungane leiker og lærer med programmering – for 3. og 4. klassingane.

23. nov Badetur til Tropicana, Gol.

7. des Juleavslutning.

Går du i 5., 6. eller 7. klasse?

Då kan du bli med på S-klubben UTE. Utegruppa held til i gapahuken, i skogen på vegen mot Torsetsida.

Ta på varme klede og hovudlykt, og bli med på aktivitetar i skogen, leiking og bålkos.

Alle møter ved gapahuken kl. 17.30 og vert henta der kl. 19.00.

NB! Om du går i 5., 6 eller 7. klasse og heller har lyst til å vera med inne på Kyrkjestugo, kan du gjerne det!

Har du spørsmål, ta kontakt med Anne Berit Ulsaker, tlf 977 63 842

Flott besøk i gudstenesta

TEKST: INGEBJØRG SOLHJELL
BILDE: MARTHA FRØYLAND BLEIKTVEDT

Sangstund frå Helsetunvegen blomstra og deltok på ymse vis ved gudstenesta i Gol kyrkje søndag 21. august.

Dei stod for prosesjonen ved starten, og dei tende lys ved forbøna, og spelte instrumentar til sangane.

Joachim Fekene Bergman spelte orgel, stø som fjell, til ei salme og to solo-stykker. Alle var saman med alle og jubla over kyrkjekaffe, med saft, sjokoladecake, kanelbollar og kaffe.

Det vart ein super-søndag, med fullt orgel og friske rytmer frå Justin organist til slutt.

Takk til alle medverkande frå oss alle i kyrkjebenkane.



v:pps

Kyrkjebladet



591790

Vipps nummer

Gol og Herad kyrkje



517300

Vipps nummer

Hemsedal kyrkje



105608

Vipps nummer

Lykkja kapell



542742

Vipps nummer

Ope Hus på Kyrkjestugu hausten 2022

Alle samlingane tek til kl. 11.00.

1. oktober:

Den internasjonale eldredagen på Kyrkjestugu. Sjå eiga omtale.

1. november:

Toril og Hans Vidar Sørensen fortel om «Inn på tunet».

6. desember:

«Sang i adventstida» ved Birgit Hansen Solbakken og Ragnhild Sørbø Jordheim.

Vel møtt!

Arr: Ope Hus-nemnda,
Hemsedal sokneråd



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I HALLINGDAL PROSTI

KA-dag for 1., 2. og 3. klassingar

**Gol kyrkje / Gol bedehus måndag
21. november kl. 08.30-16.00**

Det blir Kyrkje-Aktivitetsdag på skulen sin planleggingsdag i november.

Meir informasjon og påmelding (innan 7. november) på www.gol.kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Britt Marie

Torsdagstreff

Flerkulturelt treff for kvinner og barn på Helselagsstugu

**Følgende torsdager kl.18 - 20
15. sep – 20. okt – 17. nov – 8. des**


Arr: Gol Helselag, Røde Kors og kyrkja i Gol

Språkkafé på Gol bibliotek

**Følgende torsdager kl. 17 - 19
29. sep – 3. nov – 1. des**

Ved spørsmål kontakt
Karin Bjørge 902 87 526 eller
Martha F. Bleiktvedt 476 27 663

Lys & Liv - FESTIVALEN



Går du i 3.-6. klasse?

Då kan du bli med på Lys&Liv-festivalen i Hemsedal!

**Merk deg datoane 15. - 16. oktober!
Det er berre å melde seg på og begynne å glede seg!**

Det blir fellessamling, aktivitetsgrupper (til dømes agent, ute, hobby..), overnatting for 5.-6. klasse og festivalgudsteneste på sundagen!

Lys&Liv tek med seg det beste frå **LYS VAKEN** og **TÅRNAGENT** for å lage ei super helg for alle frå 3.-6. klasse.

Open for ALLE 3.-6.klassingar, ta kontakt!

Spørsmål? Britt Marie: 951 22 136
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no



Åpent hus

Formiddagstreff på Gol Bedehus

Kl. 11.00 - 13.30



29. sep – Andakt ved Ingrid Finsådal Bakke.
Musikk ved Birger Liahagen.

27. okt – Andakt ved Geir Wiknes.
Musikk ved Margrete Berg.

24. nov – Andakt ved Arne Lie. Diktlesning ved Sigrid Gjerden.
Intervju med Kjellfred Dekko.

Hjertelig velkommen! Hilsen Åpent hus komité i Gol og Herad.

Pilegrimsvandring før gudstjenesten 9. okt



Møt opp ved Gol bedehus kl. 9.00

Vi går pilegrimsruta fra sentrum til Herad kyrkje (5,5 km). Bønn og meditasjon underveis. Avsluttes med gudstjeneste og matbit. Skyss tilbake til bedehuset.

Kontaktperson: Martha F. Bleiktvedt 476 27 663

SpareBank 1
HALLINGDAL VALDRES

Flå - Nesbyen - Gol - Hemsedal - Ål - Geilo

Du finner oss i hele Hallingdal • sb1.no • tlf. 915 03 202



Måndagar på Gol Bedehus

Barn i alle aldre med og uten foreldre, er velkommen til spennende aktiviteter på Gol Bedehus:

kl. 16.30 Taco (60/40 kr)

kl. 17.30 Fellessamlingar

kl. 18-19 Aktiviteter

19. sept
*22. okt
24. okt
21. nov
5. des

*Sundag 22. okt deltek vi på haustmesse på Gol bedehus

Acta - Normisjonen, Søndagskolen Sprell Levende og Den Norske Kyrkje - Gol og Herad

KUNNGJERINGAR

DØYPTE

Gol kyrkje

19.06.22 Ingeborg Synnøve Langslet
19.06.22 Hedda Oline Rustberggard Bjørn
19.06.22 Emilio Magnetun Wilhelmsen
19.06.22 Anna Sørлие
26.06.22 Even Golberg Mørtvedt

Herad kyrkje

12.06.22 Selma Garnås-Knutslien
07.08.22 Hennie Aarvik
28.08.22 Felix Frøysok Fjeldberg

Hemsedal kyrkje

19.06.22 Sebastian Mythe Glendinning
19.06.22 Håkon Mythe Eitrem
03.07.22 Nova Laniakea Bellatrix
Björnström
28.08.22 Clemens Arnt Ungler Bækken
28.08.22 Mile Theoline Moen Sæther

Lykkja kapell

31.07.22 Ola Solbakken

VIGDE

Oset kapell:

18.06.22 Ingvild Langehaugen
og Kristian Haugo

Herad kyrkje

30.07.22 Tiffany Linn Foss Fagan og
Kristoffer Wårås Flaathen

Gol kyrkje

13.08.22 Lisbeth Langehaugen
og Ola Rustberggard

Fausko

02.07.22 Janne Trandem og
Bjarne Christian Ødegård
06.08.22 Nina Tysse og Heine Larsen

Hemsedal kyrkje

09.07.22 Hanne Førde Midtbø og
Christian Simonsen
06.08.22 Vegard Venås Sørensen
og Gavgame Chabier

DØDE

Gol kyrkje

07.06.22 Elna- Marie Akersveen f. 1927
23.06.22 Sven Halstensgård f. 1936
01.07.22 Gunnar Bjørn Gulliksen f. 1936
12.07.22 Kåre Sørum f. 1944

Herad kyrkje

20.06.22 Knut Amundsli f. 1932
05.08.22 Grethe M. Kolstadbråten f. 1936
17.08.22 Borghild Helene Viko f. 1930

Hemsedal kyrkje

14.06.22 Olaug Dølo Anfinhaug f. 1936
17.07.22 Knut Grøndalen f. 1944

VELKOMEN TIL KYRKJE!

4. sept. - 13. søndag i treeningstida

GOL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. 50 års konfirmanter
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

HEMSEDAL KYRKJESTUGU

KL16/17
Møtepunkt.
Arr. Hemsedal Normisjon og Kyrkja

11. sept. - 14. søndag i treeningstida

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Førsteklasses. Kyrkjekaffe
Takkoffer: Sundagsskulen i Hemsedal.

HERAD KYRKJE KL 19.00

Gudsteneste. Presentasjon av
konfirmanter
Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

18. sept. - 15. søndag i treeningstida

GOL KYRKJE KL.19.00.
Gudsteneste. Presentasjon av
konfirmanter
Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

25. sept. - 16. søndag i treeningstida

HERAD KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste.
Takkoffer: Trosopplæring

HEMSEDAL KYRKJE KL 19.00
Gudsteneste. Presentasjon av
konfirmanter
Takkoffer: Barne- og ungdomsarbeid
Hemsedal Normisjon

2. okt. - 17. søndag i treeningstida

GOL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Eldres dag. Kyrkjekaffe.
Takkoffer: Kyrkjebladet.

HEMSEDAL KYRKJESTUGU KL 16/17

Møtepunkt
Arr. Hemsedal Normisjon og Kyrkja

9. okt. - 18. søndag i treeningstida

HERAD KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Pilgrimsvandring.
kyrkjekaffe
Takkoffer: Verdensdagen for psykisk helse

GOL KYRKJE KL 18.00

Konsert med Klara Feiring (trompet) og
Justin Vickery (orgel). Kr. 150,-/100,-

16. okt. - 19. søndag i treeningstida

GOL KYRKJE KL 11.00
Festivalgudsteneste.
Takkoffer: Stine Sofie Stiftelsen.

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Lys & Liv gudsteneste.
Takkoffer: Misjonsprosjektet i Nepal

23. okt. - 20. søndag i treeningstida

GOL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste.
Takkoffer: Tv - aksjonen,
Leger uten grenser

30. oktober – Bots- og bønnedag

HERAD KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00

Gudsteneste.
Takkoffer: Leger uten grenser

6. november – Allehelgensdag

HERAD KYRKJE KL 11.00
Allehelgensmesse. Kyrkjekaffe
Takkoffer: Diakoniarbeidet.

GOL KYRKJE KL 18.00

Allehelgensmesse. Kyrkjekaffe
Takkoffer: Diakoniarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJE KL 18.00

Allehelgensmesse. Kyrkjekaffe
Takkoffer: Institutt for sjelesorg



BARNAS

Finn namn på 10 instrument!

I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 forskjellige musikkinstrument. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

U	K	U	L	E	L	E	T	I	F
S	T	I	F	I	T	R	U	T	U
M	R	S	O	T	E	I	B	I	T
K	O	N	T	R	A	B	A	S	S
Å	M	Ø	R	O	M	A	T	I	A
P	B	B	O	M	O	P	Ø	M	T
O	O	A	M	M	G	I	T	A	R
D	N	L	P	E	R	A	S	T	U
E	E	L	E	R	Ø	N	U	A	T
L	A	O	T	F	I	O	L	I	N
Y	F	L	Ø	Y	T	E	K	R	Å

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller **22 08 71 00**



Fargelegg Jesus



- Pappa må vere kjempegammal.
- Jaså? Kvifor trur du det?
- Fordi brannalarmen gjekk då han bles ut alle lysa på kaka.

Vitsar

Så var det fyrvaktaren som fekk sparken. Han bruka å skru av lyset før han gjekk og la seg.

Finn fem feil!

Her gir Jesus brød til fem tusen. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Claudia Chiaravalotti

